



HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Retten til eit trygt og godt skulemiljø etter opplæringslova § 9a – 1, gjeld for alle elevar på barnetrinn, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Reglane om elevane sitt skulemiljø gjeld i timar og friminutt på skulen, på skulevegen, i leksehjelp som er i regi av skulen eller skulefritidsordninga. Reglane gjeld også når skulen, leksehjelpe eller SFO har aktivitetar utanfor skulen sine bygningar/område, eller i lokale utanfor skulen sitt område.

At årsak til at ein elev mistrivast skuldast forhold utanom skuletida (t.d. digitale krenkingar), avgrensar ikkje skulen si handlingsplikt dersom dette verkar negativt inn på skulemiljøet. Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø, og det er eleven si subjektive oppfatning som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt (opplæringslova § 9a-1)

Alle elevar har krav på eit forsvarleg psykososialt miljø og skulen er plikta til å arbeide systematisk og aktivt for å sikre eit godt psykososialt miljø for alle elevane. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme skal vedkomande snarast undersøkje saka, varsle skuleleiinga og dersom det er nødvendig, sjølv gripe inn.

1. Målsetjing:

Verdiane våre *Respekt, Tryggleik, Fellesskap og Humor* inneber at vi skal ha eit blikk for kvarandre og vere med på å løfte kvarandre både fagleg og sosialt. Ved vår skule skal elevane ha eit godt læringsmiljø og «vi vil kvarandre vel».

Mål:

Alle på skulen skal ha eit trygt klasse- og skulemiljø utan mobbing. Nulltoleranse skal praktiserast. For å nå måla har vi følgjande rutinar:

- Førebyggjande tiltak som hindrar at elevar vert utsett for mobbing
- Rutinar for å oppdage mobbing
- Skulen skal følge opp både mobbar og mobbeoffer
- Rutinar for dokumentasjon
- Rutinar for samarbeid med føresette

2. Definisjonar:

Mobbing:

Med mobbing eller plaging forstås vi psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar. Ein brukar ordet mobbing når episodane skjer igjen og igjen over tid. Ei hending som rammar ein person ein enkelt gong, kan også ha karakter av mobbing.

**Krenkande åtferd:**

Krenkande åtferd er eit felles uttrykk for alle former for åtferd som utilsikta eller tilsikta rammar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkande åtferd kan skje som enkelthandling eller som gjentekne handlingar. Krenkande åtferd er ei handling som vert utført utan respekt for andre sin integritet.

Diskriminering: Inneber at ein person vert dårleg behandla eller trakassert, t.d. på grunn av kjønn, funksjonsnivå, tru/religion, hudfarge, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Rasisme: Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller etnisk opphav.

Vald: Med vald meiner vi at nokon tek i bruk fysisk makt for å skade andre.

3. Signal som kan vere ein advarsel om ein utrygg kvardag:

- * Auka fråver på skulen/kroppsøving. Vere spesielt obs rundt mandagar og etter feriar og liknande.
- * Uvilje mot kroppsøving/bading
- * Vondt i magen/hovudet særleg om morgonen
- * Få vener står ofte/går aleine
- * Engsteleg, ventar med å gå ut frå klasserommet i friminutta/søkjer kontakt med vaksne
- * Humørsviningar/tar lett til tårer /aggressiv ved konflikt
- * Søkjer yngre vener
- * Opplevast ofte som deprimert
- * Fagleg uforklarleg tilbakegang



OVERORDNA MÅLSETJING FOR RØRSTADMARKA SKULE MOT MOBBING

- * skape gode og trygge oppvekstvilkår for elevane.
- * skape gode og trygge arbeidsvilkår for alle tilsette på skulen.
- * førebygge sosiale vanskar.
- * klargjere at alle har rett på eit mobbefritt miljø.
- * informere om mobbing.
- * ha ein gjennomtenkt handlingsplan mot mobbing på Rørstadmarka skule.
- * syte for eit godt samarbeid skule/skulehelseteneste - PPT, heim og nærmiljø mot mobbing.

Innhald i planen:

1.0 Tiltak

1.1 Førebygging

1.1.1 I klassa

1.1.2 God klassestart

1.1.3 God skulestart

1.1.4 Sikring av skuleområdet.

1.1.5 Samarbeid skule-heim

1.1.6 Informasjon om handlingsplanen

1.2 Avdekking av mobbing

1.2.1 Ansvar og rutinar

1.2.2 Spørjeskjema

1.3 Problemløysing

Ansvar og rutinar for tiltak og informasjon.

Det vert formulert mål for kvart punkt. Alle tilsette må ha ei felles forståing av kva konsekvensar målformuleringa har for oss. Vi set i fellesskap opp dei tiltak som er nødvendige for å nå desse måla.

1.1 FØREBYGGING

Mål: Rørstadmarka skule skal alltid vere den gode skule som aktivt førebygger mobbing.

1.1.1. I KLASSA

Mål: Alle skal kjenne seg trygge i klasserommet.

Læraren skal:

- * vere ein tydeleg leiar jamfør klasseleiingsheftet.
- * syte for at det er klare reglar for kva som er lov/ikkje lov.
- * ha faste rutinar i klasseromet - vi er høflege mot kvarandre og hugsar å helse - held



avtalar om plassering - passar på at vi har ei felles forståing av reglane

- * ha klare reglar som vernar om vennskap og som oppmuntrar til å ha omsorg for kvarandre
- * arbeide for ein god omgangstone (språkbruk) elevane imellom
- * syte for regelmessige elevsamtalar og klassemøte
- * vektlegge det fysiske miljøet i klasseromet for å skape trivsel og eigartilhøve (t.d. klassebilette, utsmykking/dekorasjonar, plantar, ansvarsoppgåver, hemmeleg ven)
- * samarbeide med andre lærarar for å sikre ein felles praksis
- * nytte samarbeidsformer som fremmar samarbeid og toleranse (t.d. læringspartnar).

1.1.2 GOD KLASSESTART

Mål: Ved godt forarbeid og kjennskap til elevane skal ein sikre ein god start på eit klassefellesskap.

Kontaktlærer syter for at:

- * elevane vert plasserte etter eit gjennomtenkt klassekart
- * rutinar vert innført så fort som mogleg
- * temaet å vere venner vert grundig drøfta (litteratur, dramatisering, samtale, klassereglar m.m.)
- * fellesreglar for leik/spel i friminutta vert klargjort
- * samlande tiltak for å lage det triveleg på klasseromet vert gjennomført
- * ein snakkar om emnet mobbing (jf. elevrådet sin idèperm)
- * tillitseleven vert engasjert i kampen mot mobbing (jf. elevrådet sin idèperm)

1.1.3 GOD SKULESTART

Mål: Dei nye elevane skal ha så god kjennskap til skuleområdet, rom, lærar(ar) og medelevar som råd er, slik at dei kjenner seg rimeleg trygge til skulestart.

Rektor skal:

- * syte for eit første møte med skulen for innskriving (eleven-foreldra-rektor)
- * syte for eit førskuletilbod på 6-9 timar våren før skulestart. Her samarbeider skulen med barnehagane etter eit kommunalt årshjul.
- * så langt råd er, frigjere klassestyrar for komande 1.klasse til førskuletilbodet
- * passe på at møte mellom styrar i barnehage og kontaktlærer i 1.kl vert halde. Sikre ein god overgang barnehage og skule.
- * orientere foreldra om skulen ved innskulinga kontaktlærer skal:
- * gå gjennom ordensreglementet ved skulestart og vedlikehalde dette.
- * gjennomføre foreldremøte så raskt som råd etter skulestart
- * ta opp temaet å vere venner (jf. god skulestart)
- * syte for at elevane vert godt kjende på skulen - for å skape tryggleik



- * skape positive signal for samarbeidet skule-heim
- * få i stand ei fadderordning

Elevrådet skal:

- * følgje opp handlingsplan mot mobbing (jf. elevrådet sin idèperm)
- * sjå til at det i klassens time vert tatt opp tema som trivsel, mobbing, mm.
- * vere ein aktiv aktør for å fremje eit trygt og positivt læringsmiljø.

1.1.4. SIKRING AV UTEOMRÅDET.

Mål: Sikre at alle elevar har eit trygt og godt leike og læringsmiljø med trygge vaksne som støttar og ser til at alle er inkludert.

Rektor skal sørge for at forholda vert lagt til rette for eit godt utemiljø. Rektor utpeikar personale til leikeleiar som kan drifte arbeidet med å få i stand ei velfungerande leikepatrulje.

Undervisningsinspektøren skal:

- * lage til ein vaktplan med nok vakter og vere ansvarleg for at den fungerer.
- * plassere vaktlistene på oppslagstavler. Vi tek alle ansvar og gir beskjed når nokon gløymer vaktplikta si!

Alle lærarar/assistentar har plikt til å gripe inn når dei observerer at noko gale skjer, uansett stad og tid!

1.1.5. SAMARBEID SKULE-HEIM

Mål: Ved Rørstadmarka skule skal vi ha gode relasjonar til heimane.

Rektor skal:

- * ta initiativ til felles tema for klasseforeldremøte.
- * med jamne mellomrom delta på klasseforeldremøte.

Kontaktlærer skal:

- * informere om skulen sin mobbeplan på første klasseforeldremøte i klassen.
- * regelmessig ta opp tema angående trivsel, mobbing på klasseforeldremøte.
- * engasjere klassekontaktar til klassemiljøutviklingsarbeid.

1.1.6. INFORMASJON OM HANDLINGSPLANEN

Mål: Sikre at alle har kjennskap til korleis vi handterer uønska åtferd og mobbing ved Rørstadmarka skule.

Rektor skal:

- * informere foreldreutval, samarbeidsutval, andre samarbeidspartnarar, t.d. skulehelsetenesta, PPT og oppvekstutvalet, om handlingsplanen.



- * halde dei same organa orienterte om endringar/nye tiltak i planen
- * gje orientering om korleis ein vurderer situasjonen ved skulen
- * bruke fellessamlingar til naudsynt informasjon til elevane

1.2 AVDEKKING AV MOBBING 1.2.1 ANSVAR OG RUTINAR.

Mål: Rørstadmarka skule skal så tidleg som råd avdekke når mobbing finn stad, ved god kommunikasjon mellom lærarar og elevar, mellom lærarar og foreldre/klassekontaktar og mellom rektor og andre i skulemiljøet/nærmiljøet.

Rektor skal:

Handsame eventuelle klager på tilsette ved skulen som omhandlar mobbing, etter gjeldande prosedyrar §opplæringslova kap 9a-5

Kontaktlæraren skal :

- ved behov gjennomføre mobbeundersøking i klassen (jf. skjema vedlagt)
- bevisst bruke elevsamtalar og foreldrekontakt for å avdekke mobbing.

Alle tilsette skal:

- uansett tid og stad gripe inn når ein oppdagar at mobbing finn stad.
- utføre vaktpliktene sine punktleg og samvitsfullt
- minne/gje beskjed til ein kollega som har gløymt si vaktplikt
- straks informere impliserte klassestyrar(ar) når dei har observert åtferd som kan vere mobbing

Eleven skal:

- ta kontakt med kontaktlærer /rektor/skulehelsetenesta dersom han/ho vert mobba.
- ta kontakt med kontaktlærer dersom med-elev vert mobba.

Føresette skal:

Dersom foreldre oppdagar eller mistenkjer at eige barn eller andre elevar er utsette for mobbing, ta kontakt med den personen ved skulen de finn det naturleg å snakke med. Ikkje vent og sjå!

1.2.2. Spørjeskjema til elevane

Mål: sikre at vi har informasjon frå elevane om læringsmiljøet ved Rørstadmarka skule.

Dette spørjeskjemaet handlar om mobbing på skulen og på skulevegen. Du skal ikkje skrive namnet ditt på skjemaet, ingen skal vite kven som svarar. Det er mobbing når ein, eller fleire elevar saman, gjer vonde eller utrivelege ting mot ein annan elev. Dette kan vere å slå, sparke eller dytte. Det kan også vere å erte eleven på ein vond måte, eller fryse ut eleven slik at han eller ho ikkje får vere saman med dei andre.

1. Gut_____Jente_____ (set kryss)
2. Kva klasse går du i?_____
3. Kor ofte har du blitt mobba på skulen dette skuleåret? aldri_____av og til_____omtrent kvar veke_____omtrent kvar dag_____
4. Kvar på skulen er det mobbinga skjer? (skriv stadane)



5. Kor ofte dette skuleåret har du blitt mobba på skulevegen? aldri _____ av og til _____ omtrent kvar veke _____ omtrent kvar dag _____
6. Kor ofte har du mobba andre elevar på skulen dette skuleåret? aldri _____ av og til _____ omtrent kvar veke _____ omtrent kvar dag _____
7. Kor ofte har du mobba andre elevar på skulevegen dette skuleåret? aldri _____ av og til _____ omtrent kvar veke _____ omtrent kvar dag _____

1.3 PROBLEMLØYSING ANSVAR OG RUTINAR FOR TILTAK OG INFORMASJON

Mål: Rørstadmarka skule skal løyse ein oppstått mobbesituasjon så raskt som råd er.

1. Rapportere:

Den som oppdagar/får mistanke om mobbing, skal sørge for å gi beskjed om saka til eleven sin kontaktlærer.

Kontaktlærer samtalar med eleven ved mistanke om mobbing. Dersom denne vert bekrefta, tek kontaktlærer kontakt med foreldre/føresette til mobbeoffer og mobbar(ar).

Rektor får melding om saka. Etter dette blir prosedyre pkt. 2-5 iverksett.

2. Samtale

Mobbeofferet sin kontaktlærer, i samarbeid med rektor, har individuelle samtalar med:

- A. Mobbeoffer. (inngå avtale om endra åtferd der dette er nødvendig.)
- B. Mobbar(ar); mål med samtalen: inngå avtale om positiv endring i åtferd.
- C. Gruppesamtale med mobbarane, der målet er ein felles forpliktande avtale om endring i åtferd.
- D. Felles møte mellom mobbar(ar) og mobbeoffer der ein oppsummerer og planlegg framover.

3. Informere

Det skal skrivast rapport frå samtalanene. Foreldre/føresette skal få kopi av denne. Om nødvendig grunna tiltak som blir sett inn, blir heile personalet informert.

4. Oppfølging

- A: Oppfølgingssamtalar med mobbeoffer, seinast innan 14 dagar.
- B: Oppfølgingssamtalar med mobbar (ane), seinast innan 14 dagar.

5. Andre ting som kan gjerast

- A: Møte på skulen mellom mobbar (ar), kontaktlærer / ev. rektor og foreldre.
- B: Møte på skulen mellom mobbeoffer, kontaktlærer / ev. rektor og foreldre.
- C: Møte på skulen med alle involverte samla.
- D: Klassemøte, informasjon og ansvarleggjering.
- E: Klasseforeldremøte (ansvarleggjere kvar einskild i forhold til eigne barn, drøfte klasse miljøtiltak m.m.)
- F: Involvere PPT / skulehelsetenesta ved særleg vanskelege saker.



Vi har eit mål om å kome tidleg inn med hjelp frå andre instansar som t.d. Samba, barnevern eller BUP. Utover dei punkt som er nemnt viser vi elles til ordensreglar for Rørstadmarka skule: "Reaksjonar ved brot ordensreglane".

2.PROGRAM FOR SOSIAL TRENING

Skal Rørstadmarka skule lukkast i å skape ein Vi-skule utan mobbing, må alle i skulemiljøet vere med, slik at vi får til eit godt mellommenneskeleg samspel.

«Eg og dei andre»

Vi har eit gjennomtenkt program for sosial trening! Skulen har utarbeidd eit årshjul som omhandlar sosial kompetanse og livsmeistring «eg og dei andre». Alle klassene er forplikta til å arbeide etter dette, men ulike tema for dei ulike månadane i året.

Leikepatruljen

Legg til rette for sosiale aktivitetar i friminutta der reglar må fylgjast. Årshjulet og skulen sitt ordensreglement blir praktisert av både skule og SFO.

Fadderordning

Skulen har fadderordning der 5.trinn er fadrar til nye førsteklassingar. Fadderoppgåvene held fram gjennom heile mellomsteget. Vi har ulikt samarbeid mellom fadderklassene på dei ulike trinna, men samarbeid om samlingsstund og leike/lesestunder ligg fast på planen for alle klassene.

Felles for alle som arbeider i Rørstadmarka skule er at vi i lag med elevane skal etablere gode tilhøve til andre:

- *arbeide med vennskap
- *arbeide for yngre elevar (m.a. fadderordningar, leikepatrulje)
- *lære å fungere i grupper Innlevingsevne:
- *lære å bry seg om andre
- *sette ord på kjensler når noko skjer
- *jobbe for å motverke negativ humor Sjølvkjensle:
- *gi mykje ros
- *fokusere på positive ferdigheiter
- *lov å synest ein er flink i noko

Frustrasjonstoleranse:

- *takle motstand og motgang
- *takle å tape
- *trene behovsutsetting
- *tole at det vert sett grenser

Impulskontroll:

- *vente på tur
- *trene på å bli einige om felles svar

Angsttoleranse:

- *trene på å opptre for andre



SULA KOMMUNE

Rørstadmarka skule /SFO

- *trene på situasjonar ein ikkje meistrar
- *skape tryggleik i klassemiljøet

Konsentrasjonsevne:

- *trene på å ta imot beskjedar
- *trene minnet

Uthald:

- *tole å kjede seg
- *tole krav

I fellesskap må vi lære oss å tenkje positivt!

Rørstadmarka skule juli 2022